



## Notat

Dato: 18.09.2015  
Arkivsak: 2015/2400-15  
Saksbehandlar: knudjuv

---

**Til:** Samferdselsutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Informasjon til vegfarande ved stengte vegar og tunnelar

I møteboka frå Samferdselsutvalet 19. august heiter det:

***Gustav Bahus** tok opp problemstillinga rundt informasjon til dei vegfarande når vegar/tunnelar var stengde. Ba om informasjon om korleis dette vert tilrettelagt.*

Vegar og tunnelar vert stengde av ulike grunnar. Dersom stenginga skuldast planlagt vedlikehald, er det mogleg å førebu også informasjonsopplegget på ein god måte slik at budskapen når målgruppa tidsnok til at trafikantane kan gjere andre vegval. Trafikantane kan abonnere på SMS varsel for ei rekkje strekningar der det er anleggsarbeid, fjellovergangar etc.

Dersom stenginga kjem brått på som følgje av trafikkulukke, ras eller brann i tunnel, er det naturleg nok meir utfordrande å gje god nok og tidsnok informasjon til alle.

Vegtrafikkentralen (VTS) har døgnoppe heile året. Informasjon til trafikantane er ein av hovudoppgåvene for VTS. Når sentralen får melding om akutte hendingar som fører til stengt veg eller tunnel vert dette formidla til publikum. Alle slike stengingar vert handtert på same vis utan omsyn til kor alvorleg hendinga er eller kor lenge stenginga er venta å vare. Alle hendingar vert registrert i datasystemet vegloggen. Herifrå går meldinga til [vegvesen.no](http://vegvesen.no) og til dømes til NRK si teneste <http://trafikk.nrk.no/>. Vegmeldingar med høg prioritet går ut i eit system der dei bryter inn på radiosendingar. Vidare vert veginformasjonen automatisk spreidd til tekst TV og grupper som politi, brannvesen, drosjeverksemder, busselskap med vidare. Via vegloggen vert også dei andre vegtrafikkentralane i Noreg varsla. Trafikkoperatørane i VTS formidlar også veginformasjon fleire gonger dagleg til lokale og nasjonale media. Vegtrafikkentralen får telefonar frå publikum på tlf 175 og informerer om stoda på dei vegane folk spør om. Sentralen kan også informere trafikantar direkte i tunnelar/eller like utanfor ved «innsnakk» på bilradio. Trafikantane blir då varsla via skilt at dei skal lytte på radio og korrekt frekvens. Innsnakk vert nytta ved til dømes bilberging og ulukker. Vegtrafikkentralen har eit tett samarbeid om trafikkavvikling og trafikantinformasjon med operasjonssentralane til politiet. Ved stengingar som varer ei tid, sender vi ut pressemeldingar med oppdatering av situasjonen for den stengde vegen.

Dei seinare åra har Statens vegvesen etablert friteksttavler på viktige vegstrekningar. Tavlene er på plass i Bergen( Sandviken, Troidhaugtunnelen, Hopstunnelen, Løvestakktunnelen, Loddefjord nord, Indre Arna og Trengereid) på Dale, i Knarvik, på Halhjem, i Sandvikvåg, ved Hardangerbrua og på Voss.

Det er bestilt tilsvarande tavler til nokre fleire punkt. Vidare er det under arbeid ein investeringsplan for perioden 2015-2015 som i hovudsak gjeld riksvegnettet. Denne planen er send Vegdirektoratet som mogleg satsing i komande Nasjonal transportplanperiode (2018-2027). Statens vegvesen vurderer no trongen for tilsvarande plan for fylkesvegnettet.

I kontraktane med dei private driftsentreprenørar ligg bereskningsplanar for omkøyningar ved stengde vegar. Slike omkøyningar vert skilta. Det er 7 folieskrivarar i vegavdelingane for produksjon av tekst på skiltplater. Skiltvagnar for festing av slike skilt skal entreprenørane kjøpe. Ordninga er under etablering og ikkje i fullskala drift enno.

I tillegg til den fysiske skiltinga er det til ei kvart tid tilgjengelig trafikkmeldingar på vegvesen.no <http://www.vegvesen.no/Trafikkinformasjon/Reiseinformasjon/Trafikkmeldinger>

Det er også webkamera på ei rekkje utsette plassar der ein kan sjå korleis trafikken flyt no. Statens vegvesen er oppteke av å varsle godt nok og tidsnok for trafikantane på vegen og har eit løpande arbeid for å utvikle desse tenestene ut mot publikum etter kvart som ny teknologi gjer det mogleg.